



**Briislingfisket er i gang for fullt og har snart vara ei veke. Det er gjort brukbare fangstar i nærområdet vårt. Til dømes fekk Halsnøy-bruket Sjøhav 40 tonn i nærleiken av Snilstveitøy i går.**

**Men heller ikkje brislingfiske er fritt for problem og Halsnøy-fiskarane fekk nota inn i propellen. Samanfiltringa var så ålvorleg at det måtte froskemann til.**

Deretter venta ein stor jobb med bøting av nota og denne var i kveld i gang i ekspress-fart på Børnes kai der dei rekna med å ha jobben gjort ved 22-tida.

Kaia er forresten sterkt prega av brislingfisket. Akkurat no ligg det 3 bruk der. Før Sjøhav la til fann ein både Vestervik og Frøybas ved kaia. Vestervik til Jostein Legland er det einaste brislingbruket som er heimehøyrande i Uskedalen medan Frøybas har basen sin i nabofylket - nærare bestemt i Bremanger.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen